

Grønt lys for fortelt av stålplater

30.03.2015



Fortelta av duk kan no skiftast ut med meir bestandig materiale

- Dette er viktig og positivt for oss, seier dagleg leiar av Rabben Feriesenter Magne Heggøy til uskedalen.no om vedtaket som vart fatta i forvaltningskomiteen like før påske: Det er heretter tillatt å nyttja prefabrikerte fortelt av type WeeCamp eller tilsvarande som fortelt i det område som er regulert til turistområde i Uskedalen.

Rabben kom med ein spurnad til kommunen om prefabrikerte fortelt av galvaniserte og pulverlakkerte stålplater kunne definerast som fortelt og dermed nyttast i staden for fortelt av duk og fekk positiv reaksjon. Det vart vist til at fortelt av duk er lite motstandsdyktige mot ver og vind og ofte vert øydelagde om vinteren.



Dette er eit fortelt av materiale som tek betre imot vinden

Rådmannen såg problemstillingane med fortelt av duk og meinte at dei fortelta det var søkt om ikkje vil vera i strid med intensjonane i reguleringsplanen og verka meir privatiserande for det omkringliggjande friluftsområdet. Han innstilte på positivt vedtak.

Gleda over vedtaket er stor blant dei som får nytte av det og fleire er klare til å bytta ut duken med det meir kraftige materialet, kan uskedalen.no slå fast ved inngangen til påskeferien. Fortelt av duk vert ofte raserte av vinden som camparane opplever som stadig heftigare.

Eit fortelt av det hardare materialet har vore på plass lenge på plassen, men det er langt fleire med vindutsett duk, ikkje minst utover langs elvemunningen. Dagleg leiar har registrert at fleire er på spranget til å bestilla nye og solidare fortelt.

Han har denne vinteren erfart kor hard vinden kan vera. Den har ikkje rasert fortelt på Rabben, men flerra av sågodtsom alle flisane på taket til ei av bygningane.

Elers ligg det an til å bli ei vellukka påske. Både dei store og mellomstore hyttene er bortbestilt - Eg har ikkje plass til fleire, seier Heggøy.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen